

Regional planleggingsdag for skulane, PPT og samarbeidspartar onsdag 13.august 2025 - digital samling

Deltakarar: Alle tilsette ved skulane, PPT og andre samarbeidspartar i Sogn.

Tid: Onsdag 13.august kl 09.00-11.30. Etter lunsj vert det lokalt arbeid med tematikken vidare og anna arbeid.

Kvar: Einingane organiserer for felles digital sending og gjennomføring av refleksjonsoppgåver i høvelege grupper. Møtelenkje i Teams vert sendt til rektorane, PPT-leiarar og andre sentrale aktørar i veke 32. Fint om de loggar inn 10-15 minuttar før sendinga startar. Me set pris på om kamera dykkar er på under sendinga, slik at me ser kvarandre.

Det er Læringsmiljøsentret i Stavanger (gjennom samarbeid med Sogn Kompetanse) som bidreg til tematikken «**Utfordrande åtferd**» i tråd med Kompetanseløftet me har jobba med i fleire år. Dei tilbyr tre mikroemne som vidareutdanning og me får dermed ein liten smakebit. Les gjerne meir [her](#).

Den første filmen/podcasten tek utgangspunkt i dei tre mikroemna:

- Utfordrande åtferd i barnehage og skule – stress og regulering
- Korleis forstår og møter me barn og unge som syner utfordrande åtferd?
- Utfordrande åtferd – autoritativ rolle, sosial emosjonell læring og inkludering

Program:

- 08.45- 09.00: Innlogging i Teamsmøtet
- 09.00- 09.10: Velkommen v/programleiar Ingrid Steine Bortne
- 09.10- 09.55: Film/podcast «*Utfordrende atferd*» ved Læringsmiljøsentret. Filmen tek utgangspunkt i dei tre mikroemna nemnt over
- 09.55- 11.00: Pause + gruppearbeid del 1: 6 refleksjonsoppgåver i grupper lokalt
- 11.00- 11.30: Film «*Ivaretagelse av ansatte i møte med utfordrende atferd*» ved Nora Østby, Læringsmiljøsentret + avrunding av den digitale sendinga
- Etter lunsj: Gruppearbeid del 2: 4 refleksjonsoppgåver i grupper lokalt og evt. oppsummering/diskusjon av begge gruppearbeida i felles på eininga, organisert av leinga

Det er fint om leiarane deler personalet inn i høvelege grupper på førehand slik at tida vert nytta effektivt. Sjå oppgåveark med filmlenkje vedlagt. Me prøver også å gjere opptak av sendinga for internt bruk i regionen dette skuleåret, dersom nokon vil sjå sendinga seinare.

Me håpar de opplever den regionale planleggingsdagen som relevant og lærerik, og at det gir rom for refleksjon og gode diskusjonar i personalgruppa i etterkant. Me ynskjer dykk alle ei god digital læringsøkt saman med kollegaer frå heile Sogn!

Takk for at leiarane fyller ut evalueringa på vegne av personalet sitt innan 18.8:

<https://forms.office.com/e/3BFBcfWj4w>



Ingrid Steine Bortne

*Programleiar for barnehage- og skuleutvikling «System for styrka læring»
Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)*